

RME

Dykkar referanse: 202111182

rme@nve.no

Hollundsdaalen, 14.09.2021

INNSPEL TIL ARBEIDET MED Å KORRIGERE RAMMEVILKÅRA I INNETKSTRAMMEMODELLEN

Bømlo Kraftnett AS takkar for at det vart invitert til å gi innspel til arbeidet med å korrigere rammevilkåra i inntektsmodellen og sender med dette nokre innspel ut frå vår ståstad og kjennskap til modellen.

Korrigerings av rammevilkår er eit viktig element i inntektsrammemodellen. Det er og viktig at modellen både er og oppfattast rettferdig av aktørane i bransjen. Oppgåva til selskapet er viktig i berekninga av effektivitet, som igjen er viktig for total tillatt inntektsramme.


Generelt:

Av den geografiske figuren over effektivitet pr. selskap (Afry), kan det sjå ut som at nettselskap som ligg langs kysten generelt har lågare effektivitet enn selskap lokalisert i innlandet. Sidan det kan sjå ut som dette er ein generell trend, meiner me at det er grunnlag for å sjå nærare på kystfaktoren i modellen.

Forslag 1 – Ta med lågspennnett i modellen

Bømlo Kraftnett AS ynskjer at lågspennettet vert del av grunnlaget for berekning av oppgåve. Årsaka til at me ynskjer at dette vert del av grunnlaget er at det er store kostnader knytt til spesielle lågspennnett. Me ynskjer i dette tilfellet å dra fram eit par eksempel på lågspennnett som medfører store investeringar og driftskostnader.

Bømlo kommune består av ca. 1000 øyer. Det bur ikkje folk på alle desse øyane, men det er likevel ført straum fram til mange av desse øyane eller til kundar som bur langs kystlinja. Ofte vert straumen ført fram som lågspennnett via kablar lagt i sjø eller luftspenn som kryssar sund, vikar eller vågar. Felles for alle desse kryssingane er at dei må merkast med farvasskilt. Skilta skal markere at det ligg ein sjøkabel på botnen eller vise seglingshøgda opp til luftspennet som kryssar vågen/sundet for høge båtar (seglbåtar). Dette er store metallskilt som må festast slik at dei handterer sterk vind, bølger og sjøsprøyt. Med andre ord må det monterst kraftig og tungt utstyr som taklar desse påkjenningane. Dette utstyret må fraktast til øyer og nes utan vegforbindelse og må ofte flyttast over frå bil til båt m.m. Kablar og luftlinjer er og meir utsett for saltråk og ein erfarer at aluminiumen i EX kablar forvitrar raskare og at ein har ein høgare feilfrekvens på klemmer etc. som er montert i nærleiken av sjø/hav. Då det einaste relatert til lågspennnett som er med i modellen i dag er kundar, meiner me at ein ikkje får med desse driftsutfordringane i modellen. Det er stor forskjell på om ein



forsyner eit oppdrettsanlegg på ytste nes med 1000V (definert som lågspent), eller om ein har ein kunde i ei bustadblokk. I dag tel desse kundane likt når det gjeld måling av oppgåve og effektivitet.

Forslag 2 – Definerings av øyer

I dag vert berre øyer som har større avstand til fastlandet enn 1 km rekna som øyer. Som tidlegare nemnt består Bømlo kommune av 1000 øyer. Likevel kan me ikkje rapportere meir enn ei øy som tilfredstillar krava. Om ei øy har lang eller kort avstand til fastlandet påverkar kostnadane, men det er likevel store kostnader med å drifte nett til øyer som ligg nærare enn 1000m. Ein må ut i båt for å nå øya sjølv om det er 50, 200 eller 400m som må kryssast for å nå fram. Ein må og ha avtalar med transportørar relatert til transport av materiell ut til øya, men og til transport på land på sjølve øya. Kablane må og merkast med skilt sjølv om øya ligg nærare fastlandet enn 1000m. Vårt syn er at det er kostnadsdrivande å ha øyer sjølv om desse ligg nærare land enn 1000m. Modellen bør inkludere alle øyer som er forsynt med straum uavhengig av avstand.



Forslag 3 – Bonitet

Kystområde har ofte luftnett som går i område med låg bonitet. Desse områda har hovudsakleg vegetasjon bestående av hurtigvoksande og ugjennomtrengelig Sitkagran, Furu, lauvskog, Brake (Einer) og lyng. Terrenget er og ofte kuppert og utan samanhengande sti. Å byggje nett eller gå linjebefaring i slik type vegetasjon er ofte krevjande. Det er heller ikkje mogleg å komme fram med ATV om sommaren eller Snøscooter om vinteren. Me meiner difor at sjølv om linja går i område definert med låg bonitet, er ikkje dette mindre krevjande eller mindre kostbart å drifte samanlikna med område der kvaliteten på trevirket/skogen er betre (høgare bonitet), men marka er flat og truleg framkommeleg om vinteren når marka er dekkja av snø.



Eksempel der kystklima er kostnadsdrivande

Det er kjent at saltråk påverkar korrosjonen på utstyr plassert i nærleiken av havet. Det er normalt for dei fleste nettselskap å montere prefabrikkerte trekledde nettstasjonar i tynnplatestål. Desse nettstasjonane er klart rimelegare enn alternative nettstasjonar i betong. I område utan saltråk, kan



tynnplatestål konstruksjonar ha ei levetid på over både 30 og 40 år. Dermed kan selskapa i desse områda ha ei lågare investering, eller alternativt lengre nedskrivningstid på utstyret enn det nettselskap langs havkysten kan. Dette er berre eit eksempel på at både innkjøp og reinvestering vil vera høgare i kyststrok.



Me håpar at våre innspel kan vera opplysende og til hjelp i arbeidet med utarbeiding av nye oppdaterte modellar. Me ynskjer lykke til vidare i arbeidet med modellar som kan oppfatast rettferdig for alle selskap uansett kvar dei ligg plassert geografisk.

Tor Bjarne Smedsrud
Dagleg leiar
Bømlo Kraftnett